



Lin Tove Thomassen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/535 - 14/3243

Saksbehandlar:

Sveinung Kvamme

sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:

31.03.2014

Tildeling av startlån - ny forskrift frå 1.4.2014

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sett i verk ei ny forskrift som gjeld startlån, med verknad frå 1.4.2014. Forskrifta seier at kommunen kan gje startlån til personar som «forventes å ha langvarige problemer med å finansiere eid bolig» og «som har benyttet muligheten til sparing innanfor de økonomiske mulighetene søkerens inntekter og nødvendige utgifter til livsopphold gir».

Denne forskrifta fører til at vi må endra dei kommunale retningslinene for startlån. Den viktigaste konsekvensen er at dei fleste unge i etableringsfasen ikkje lengre kan gjevast startlån, fordi dei som regel ikkje «forventes å ha langvarige problemer med å finansiere eid bolig».

Det vert lagt fram sak på dette til kommunestyret, for handsaming i møtet i juni. Det vert i den samanheng vurdert om det framleis skal vera kommunale retningslinjer, eller om forskrifta er tilstrekkeleg.

Uansett gjeld forskrifta frå 1.4.2014, slik at lånesøknader som kjem inn må vurderast etter den.

Med helsing

Sveinung Kvamme
økonomisjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jarle Landås

Mottakere:

Lin Tove Thomassen
Nina Marie Kvamme
Johan B Sandal